



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Per Albert Lund, 55 57 21 74

Vår dato
14.07.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/7274 422.5
Dykkar referanse

Lindås kommune
Arealplan
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
16. 07. 2014	
Ark. saksnr.	Løpenr.
Sakst.	Tilgangskode

Spørsmål om eigedomane gnr. 184 bnr. 1 og gnr. 201 bnr. 1 i Lindås skal reknast som ei driftseining i høve til delingsregelen i jordlova § 12, 6.ledd.

Det vert synt til Lindås kommune sitt brev 6.06.2014 om dette.

Fylkesmannen si fråsegn:

Jordlova §12 , 6.ledd lyder slik:

«Føresegnene gjeld utan omsyn til om ein eigedom har fleire registernemningar når eigedomen eller ideell del av han er på same eigarhand og etter departementet sitt skjønn må reknast som ei driftseining.»

I landbruks- og matdepartementet sitt rundskriv M-1/2013 om omdisponering og deling heiter det om dette:

«Ved vurderingen av om en kan regne eiendommene som en driftsenhet er det av betydning om de ulike eiendommene ligger slik til at de rent faktisk egner seg for å drives sammen. Den driftsmessige avstanden er et moment i vurderingen. Det samme er om eiendommene har vært drevet sammen. Det er ikke noe krav om at eiendommen har vært drevet sammen.»

Eigedomane har vore på same eigarhand i 3 år, men har etter det som er opplyst, ikkje vore drivne saman. Kommunen vurderer det slik at avstanden mellom eigedomane er slik at det krev noko tilrettelegging å drive dei saman. Kommunen legg også til grunn at ein ved å oppretthalde eigedomane som sjølvstendige bruk, legg til rette for ein tenleg bruksstruktur slik den har vore på staden. Det er og slik at kjøpar av gnr. 184 bnr. 1 ikkje har interesse av begge eigedomane og har kjøpt eigedomen i god tru.

Vedtak:

Fylkesmannen syner til momenta ovanfor og er etter ei samla vurdering kome til at dei to eigedomane ikkje skal reknast som ei driftseining i høve til jordlova § 12, 6.ledd. Det trengs då ikkje delingsløyve etter jordlova § 12 ved separat sal av gnr. 184 bnr. 1 i Lindås.

Med helsing

Per Albert Lund e.f.
fung.landbruksdirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi: Therese Kjenes Moen, Votlo, 5286 Haus